

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016

Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling reviderer vedteken prioriteringsliste for Bevaringsprogram for utvalte arkeologiske kulturminne til å inkludera følgjande kulturminne:
 - Håkonshaugen i Lindås kommune (Askeladden-ID 66400)
 - Kulturminne på Vinje i Voss kommune (Askeladden-ID 64255, mfl.)
 - Pikhaugen på Halsnøy i Kvinnherad kommune (Askeladden-ID 6391)
 - Gravhaug på Lunde i Voss kommune (Askeladden-ID 60499)
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling sender alle innkomne søknader vidare til Riksantikvaren med følgjande prioritering:
 - 1) Kulturminne på Rommetveit
 - 2) Sokkamyro, Bømlø
 - 3) Håkonshaugen, Lindås
 - 4) Alle øvrige prosjekt er prioritert likt av Hordaland fylkeskommune. Der det er kome inn fleire søknader frå same kommune, ber utval for kultur, idrett og regional utvikling om at det vert lagt vekt på kommunal prioritering.
3. Hordaland fylkeskommune vil i 2016 prioritera oppfølging av dei omsøkte prosjekta, samt ferdigstilling av fleirårige prosjekt som vart starta opp i 2015.
4. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber administrasjonen om å fremje ny sak om fordeling av kr 200.000,- til BARK-ordninga etter at dei nasjonale prioriteringane ligg føre.